



Vemund Stavenes  
Jonsokgrenda 15A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2902 - 15/20965

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
23.11.2015

## Godkjenning - Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel

**Administrativt vedtak. Saknr: 423/2015**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 04.11.2015 om utvida bruk av avkøysel frå kommunal veg 39 Jonsokgrenda.

Formålet med søknaden er å sikre tilkomst for ny eigdom ved evt. deling av gnr. 23 bnr 33. Eigedomen er uregulert.

Administrasjonen har vore på synfaring på staden den 19.11.2015.

### Vurdering:

Meland kommune vurderar at avkøyrsele i det store og det heile tilfredsstillar krav stilt i forskrift om avkjørsler frå offentlig veg. Krav til stigning dei første 4 meter frå kommunal veg er ikkje overholdt. Kommunen vurderar at ein kan gje dispensasjon frå dette. Årsaka er at avkøyrsele vert vurdert til å vere tilstrekkeleg trafikksikker, og at ei endring av stigninga vil vere vanskeleg å oppnå grunna utforminga av den kommunale vegen og avkøyrsele slik den ligg i forhold til terrenget og naboeigedom.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av veglova §§ 40 og 43 omsøkt avkøyrsel. Det vert gjeve dispensasjon frå stigningskravet på dei første 4 meter frå kommunal veg.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr

4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.»

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Vemund Stavenes

Jonsokgrenda 15A 5918

FREKHAUG